



Ferðir Noregur 1957

Bjarni Benediktsson – Ferðir – I Egil Skallagrimssons fotefar 1957 – Helsing frå Haus – Minne frå
Havråtunet – Stranda – Sykkylven – Volda – Soltun – Hellesylt – Bodö – A. Munch

Tekið af vef Borgarskjalasafnsins

bjarnibenediktsson.is

Einkaskjalasafn nr. 360
Stjórnmálamaðurinn
Askja 2-43, Örk 1

©Borgarskjalasafn Reykjavíkur




Frå Habostaddalen mot Slogen

mot himmelsjå. Skoglier, djupe dalar og flatare strender med logne vikar og frukthagar oppetter bakkane. Det er sno i toppane, og elvar og bekker kvitnar nedetter fjellsidene, eller kastar seg ut i den solblå lufta som tunne og glitrande brudeslør.

Riksvegen Sykkylven—Stranda går gjennom Hevdalen framom fjell-vatn og sætergrender før han hallar unna ned mot Langlo, Ringstad og sentrum. I sor opnar Strandadalen seg, ein flatvoren og veldyrka dal med høge fjell på begge sider.

Lengst inni botnen skimtar ein Ljøbrekka, der riksvegen til Hellesylt skal gå gjennom ein 800 m lang tunnel. Ein har teke til med boringar frå begge sider, og når denne vegen kan opnast for trafikk, vil Stranda vera knytt til riksvegnettet. Samstundes vil ein her få den stuttaste og beste samferdselsvegen mellom indre Nordfjord og Alesund.

Stranda har på ein mannsalder vakse fram frå eit typisk bondesamfunn til ein av dei største industristadene på Sunnmøre. Det er fyrt og fremst møbelindustrien som har gjort bygda til det ho er i dag. Folk smilte helst då nokre få mann tok til å fletta korger og korgstolar i ein kjellar. Ingen drømde om at 30 år seinare skulle dette tiltaket vera ein av dei største møbel-




Frå Stranda

fabrikkane i Skandinavia. Andre verksemder fylgde etter, slik at Stranda no har ein allsidig industri. Dei gamle kyrkjebuene og nausta rundt kyrkja har litt etter litt mått vika plassen for moderne forretnings- og industribygningar av jarn og betong. Men fart og teknikk har ikkje gjort bygdebyen til ei slagmark for einsidig rasjonalisert matstrev. Enno lever idyllen. Vakre blomster- og frukthagar ligg kring husa, og kvitleggja hengjebjørker står langs vegane og viftar med slanke greiner.

Stranda er ein ynskjestad for landleggarar og fjellvandrarar, og har eit framifrå pensjonat og eit fyrsteklasses hotell. 200–300 m frå ferjekaia ligg også ein romsleg og vakker campingplass for bilturistar. Nær sentrum kan ein rusla omkring på idylliske sidevegar og gangstigar, gjennom fredelege tun, fram på opne høgder med utsyn over fjorden og bygda, eller inn i tette lauvskogen der ein er aleine med fuglesongen og kanskje ein surlande bekk.

Vil ein lenger av stad, fer ein med bil til ein av dei mange sæterdalane og avdalane, og tek foten fatt. Der er ein inne i den sunnmørkske fiellheimen med tnd attom tid til dei lengst urna bleknar bort i bitvis.



STRANDA SYKKYLVEN BILLAG


trafikerer ruta Alesund—Sykkylven—Stranda fleire gonger om dag. Ferjesamband til Geiranger, Hellesylt, Valldal, Stordal og Dyrkorn.

Sjá rutebokene.

Einkaskjalasain Bjarna Benediktssonar © Borgarskjalasafn Reykjavíkur
Bilete pa framsida: over, frå Sykkylven, foto. Lyshol
under, Stranda, foto. K. Vassbotn



*Reis over Stranda
og Sykkylven*




Sykkylven



Straumgjerde



Velledalen



Strandadalen

Sykkylven

Frå Alesund går det mange ferdslivegar inn i dei storfelte Sunnmørsbygdene. Ein av dei mest interessante er vegen over Magerholm—Sykkylven—Stranda.

I Alesund stig ein inn i ein av dei moderne rutebussane som Stranda og Sykkylven Billag eig, og so ber det gjennom villastrøk og hytte-byar inn til det smilande Magerholm, ein idyll ved Storfjorden, med ljosgrøn lauvskog mellom meir mørkvorne fureásar. — Ferja ligg og ventar, og so ber det over fjorden. Det tek ikkje lang stunda, men den svale fjordbrisen friskar godt opp, og så har ein eit framifra utsyn mot fjellheimen austanfor, med Straumshornet som eit tårn i midten og med kvasse egger og granne spir rundt i kring til alle sider.

Ferja har gjort sitt, og no er ein i Sykkylven. Her ligg Aure, knutepunktet i bygda, med fabrikkar og forretningar og flate fine gardar. — Grebstaddalen opnar seg vid og brei mot aust.

Men rutebussen går sørover langs den smale Sykkylvsfjorden, med Ikornes og Sørestranda på hi sida. Langs fjorden er det moderne fabrikkar på kvart nes.

Rett nok er ein no komen inn i ein fjellheim med toppar som lyfter seg til ei høgd av 1600 meter. Men det er ikkje berre fjell. Små veldyrka gardar ligg bo i bo rundt heile fjorden. — Ovafor ligg bjørkeliene, og so kjem tindane og eggene øvst oppe, med ku-par og skard innimellom, med blåbrear og fossande fjellbekker.

Eit par kilometer innafor Aure passerar ein Vike-brua. Her går Vikedalen framover til venstre. Lenger framme kloyver han seg i Straumsdalen og Gimsdalen, to vakre fjelldalar.

På Tynes, omlag midtvegs inne ved fjorden, har ein eit framifrå utsyn innover bygda. I fjellsida bortafor fjorden ser ein no Riksheimfossen hive seg kvitskumande nedetter svaberga. Han kjem fra Riksheimdalens, ein vill fjelldal med mange vatn (overgang til Hjørundfjorden). — Når ein kjem til Straumgjerde (ved enden av fjorden), er ein komen midt inn i fjellheimen, med Straumshornet og den hengebratte Straumsegga til venstre, og Trollkyrkjetindane og Blåbærtind til høgre. Fjæs er Straumgjerde idyllisk nok, med fjord og elv og vatn og skog, med villskap og ynde i harmonisk sameining.

No går ferda langs det blå-grøne Fet-vatnet, og så er ein i Velledalen, flat som eit stovegolv, med stupbratte bergsider opp frå dalbotnen. Ved Brunstad svingar dalen austover. Til høgre har ein då den ville, tronge Brunstaddalen mellom Brunstahorn og Daurmålshorn (overgang til Hjørundfjorden).

Straks ovafor øvste garden i Velledalen, Drotninghaug, svingar vegen til høgre, bortover mot Myrdalen. Då bør ein sjå ut gjennom glaset til høgre. For her har ein eit av dei mest storfelte utsyn i heile Noregs land. På vestsida av Velledalen reiser det seg ei tinderad i høgreiste elegante former med tårn og kuplar og spir, og brear i krokute band langs heile fjellrekka.

Det som fell mest i auga er Regndalen med Regndalstindane. — Den høgste er Råna, 1593 m høg.

Det ber no inn gjennom Myrdalen, med Holetindane framfor til høgre. Snart er ein komen på høgda. Der ligg Svartevatnet og Buvatnet. Mellom desse to fiskerike fjellvatna går høgadalsgrensa. — Og så er ein komen til Stranda.

Stranda

Stranda er i dag det viktigaste trafikk-knutepunkt på indre Sunnmøre. Moderne solskinsbussar går til og frå Ålesund fleire gonger for dag. Og utanom dei vanlege båtrutene har Stranda i sumarhalvåret dagleg direkte ferjesamband med dei kjende turiststadene Geiranger, Hellesylt og Valldal. I denne tida vert difor Stranda også ein naturleg mellomstasjon på vegen mellom Ålesund og det indre av Noreg. På få timer kan ein såleis oppleva noko av det mest sermerkte i sunnmørsk natur, fråøy-garden og havet i vest til det storfelte og skiftande fjell- og fjordlandet i aust.

Turen med den moderne bilferja «Geiranger» ein vakker sumardag er ei oppleveling i seg sjølv. — Med 15 mils fart ployer ho den grønlå sjøen, og ein kan sitja makeleg på soldekket og sjå landet gli forbi: Flogbratte fjell ned mot fjorden, med ein og anan smáar lena haigande utopta stupet som ornareir

Bygda har sparebank, skipa 1863. Rådveldesumen er over 10 mill. kr. Her er også ein forretningsbank, som er filial for ein Ålesundshank. Her er 45 butikkar. Folkeskulen har 14 skulehus med 36 klasser. Aître, Ramstaddal og Tandstad krinsar har bygt nye skulehus etter 1952, og Jarnes krins har sitt hus ferdig i år. Bygda har linede ungdomsskule som er 2 årig. Også denne skulen skal bygge nytt hus i år. Kyrkja, som er bygd i 1883, har ei gammal altertavle, bilete i koret måla av den kjende kunstnaren Leon Aurdal, glasmåleri av Froydis Håvardsholm og vakker treskurd av den gøverike kunstnaren Daniel Hagerup. Bygda har 4 ledehus og 7 andre møtehus. 4 av idrottslaga i bygda har idrottsbaner, og eitt av desse laga får ferdig grasbane dette året. Ein har i mange år samla stoff til ei bygdebok for Sykkylven.

Bygda har eit strevsamt folk, som med rikt initiativ har synt eit pågangsmod som gir dei beste voner for kommande tider. Og det skulle ligge bra til rette for vidare tiltak i dei åra som kjem. Sykkylvingane tykkjer dei har ei vakker bygd, og vil nok også i framtida gjere sitt beste at det framleis vert ei god bygd å búa i.



SYKKYLVEN




Foto P. P. Lyshol

Heradshuset i Sykkylven

Eg veit ei bygd der inne
i mellom fjell og fjord
ho goymer tusen minne,
dei kjaeraste på jord.
Så mang ei bygd og mang ei grend
var vakker nok og vide kjend
men ei i mellom hine
i minneglansen skine.

(Henrik Straumsheim)

Sykkylven ligg omlag midt på Sunnmøre, omkransa av bygdena Stranda, Orskog og Hjørundfjord. Til nærmeste byen, Ålesund, er det omlag 30 km.

Heradet hoyer til Nordre Sunnmøre skrivardome og Sunnmøre poltidistrikt. Den samla flatevidda er 327 km². Bygda har ein rikt skiftande natur. Langs strandene av Sykkylvsfjorden og Storfjorden og i ymse dalar ligg grendene, vakre og godt oppdyrka gardar. Men fjella stig med kvasse tindar attanfor, opp til 1600 m. over havet.

Ved folketeljinga 1950 var folketalet 3823. Auke frå 1930 er 1397, eller 57.5 o/o. I 1955 vart etter semje mellom Orskog og Sykkylven, 3 krinsar overforde til Sykkylven, med 350 menneske. Folketalet er pr. 1/4 1957 : 4716. Likninga for 1956/57 syner desse tala : Medel kr. 20.7 mill., inntekt kr. 14.2 mill. Skattbar inntekt 11.6 mill. Den utlikna heradsskatten kr. 2.130.000. Budsjettet for 1957/58 er på 3.5 mill. kr. Skattoret er 17.5 o/o og reduksjonstabell 1. Jordbrukssteljingane har synt at bygda har kring 2000 dekar åker, 10 000 dekar kunsteng, 6000 dekar natureng og 1000 dekar kulturbete. Dei siste åra har det vorte nydryrka kring 80 dekar om året, og rudd til kulturbete omlag den same vidda. I bygda er det 450 gardsbruk og småbruk. Av desse er 35 bruk over 50 dekar, 210 bruk mellom 20-50 dekar og resten er under 20 dekar. Her er omlag 1100 skyldsette eigedomar med samla skyldmark 885. Husdyrtala er omlag: Hestar 320, storfe 2200,

sauer 3000, Geiter 140, svin 400. Mellom hestar og storfe finst her mange gode, verdfulle dyr. Serleg ligg Velledalen langt framme i storfeal. Denne grenda har hatt interesserte menn som i janxt og målmedvite arbeid har rádt seg høgmjolkande dyr med bra feittprosent. Tidlegare var det jordbruk og fiske som var dei viktigaste næringsgreinene i bygda. Sykkylven fekk sitt kommunale kraftverk i 1918, og dermed vart det etterkvart ein snunad i det økonometiske livet i bygda. Ikkje så mykje dei første åra, men ikring 1930 vart det skipa fleire verksemder, noko som heldt ved i åra fram til siste verdskriga. Serleg var det mobelfabrikkar som kom til i desse åra. No er det i bygda 44 slike fabrikkar og verkstader med 640 arbeidarar, 23 trevareverksemder med 160 mann, 6 konfeksjonsfabrikkar med 75 arbeidarar, 1 trikotasjefabrikk har 20 arbeidarar, og 6 andre verksemder med 35 arbeidarar. Det samla omsetningsverdet frå desse verksemndene har dei siste åra vore kring 30 millionar kr. Rikeleg og billeg elektrisk kraft har synt seg å ha overlag stort verd for ein kommune. Her som i andre bygder har det vere vanskeleg å få dette utbygt så fort at det kunne halde fylgje med den aukande trøng. Den første utbygginga var på 350 kW. Dette vart i 1923 auka til 750 kW. Men ein hadde berre eit lite oppdemt magasin. I 1941 fekk ein ferdig tunnel til eit større fjellvatn som ligg 640 m. o. h. I 1947 vart maskinkapasitetn auka til 2200 kW. Serleg om vintrane er dette mykje for lite, og verket kjoper kraft frå Tafjord og Strandafoss for over 100 000 kr. år'eg. Sykkylven er no medeigar i Tussa kraft, og vonar i 1961 å få den krafta ein treng derifrå.

Sykkylven har ikkje samband med landsvegnettet. Endå står det ått nokre km. mellom Stranda og Hellesylt. Bygda har ferjesamband 4-5 gongar dagleg med Ålesundshaloya. Ein ged riksveg bind sa van med grannebygda Stranda. Frå Søre Sunnmøre kan ein fylgje ferje dagleg frå Festoy til Hundevik, og Sorestrandvegen går derifrå til Straumgjerde. Denne vegen er under omlegging, og dei verste bakkane er utbetra dei siste åra.

VOLDA


Einkaskjalasafn Bjarna Benediktssonar © Borgarskjalasafn Reykjavíkur

Volda er ei av dei største kommunene i Møre og Romsdal fylke, dekker 356 km², og har 5700 faste innbuarar pluss vel 500 utanbygds skuleungdomar. 3500 menneske bur i kommunen sitt sentrum, som dermed er folkerikaste staden i fylket, næst etter dei tri byane. Bygdebyen har vel 600 bustadhus forutan forretningsbygg m. m.

Både Ørsta og Dalsfjord høyrd tidlegare til Volda kommune, Ørsta til 1883, Dalsfjord til 1917. Dalsfjord hører framleis til Volda lensmannsdistrikt og til Volda prestegjeld. Prestegjeldet femnde i si tid over alle dei 7 fjordherada frå Vanylven i sør til Hjørundfjord i nord.

Historisk attersyn.

Volda asfalerte sentrum, med sine skular, fabrikkar og forretningar, ligg på historisk grunn. I året 986 låg 180 langskip og andre herskip på vika millom Andaneset og Vikeneset. Haakon Jarl og sonen Erik Jarl samla heren sin mot jomsvikingane framfor slaget i Hjørungavåg. Her stod då eit gudehov som seinare, etter tradisjonen, vart ombygt til kloster, til det kring år 1200 vart reist ei krossforma stavkyrkje — ei av dei 4 fylkeskyrkjene i Sunnmøre fylke. Hallkjelsviks kyrkja i Vald er nemnd i Aslak Bolts jordbok 1432, Øyrar prestegard i Vald er nemnd i 1338, og Vald skipreide er nemnt i skipslista i Gulatingslova i 1277. Andre dokument i Diplomatarium Norvegicum gjeld andre ting og tilhøve i det gamle bondesamfunnet. Elles er det ikkje mange skriftlege kjelder om Volda frå Noregs stordomstid. Men både Volda sitt geografiske læge,



Volda sentrum i 1880-åra.

alle tildels rike, forvitnelege jordfunn, stadnamna — og Volda sin posisjon seinare i dansketida — gjev klåre prov på at bygda har spela ei viss rolle i heile den gamle tida.


Steinaldersfunna peikar minst 4000—5000 år attende i tida, og funna frå bronsealder og jarnalder og stadnamna tyder på fast busetjing på dei fleste gardar i vikingtida. Mange gravhaugar og gravrøyser vart granska i fyrra hundreåret, og dei fleste av dei vart jamna med jorda, men i Skinvika i Austefjorden ligg den dag i dag ei rad gravhaugar som minne frå heiden tid. Sume av gravene i Volda var båtgraver. Her er gardsnamn, fjellnamn og andre stadnamn med beinveges tilknyting til den norrøne gudetida: gardsnamnet Ullaland i Austefjorden og sætrenamnet Ullastøylen ovanfor Volda sentrum, fjellnamna Torane (2 fjell) og Frøyshornet på Bjørkedalen, brunn-namnet Vevendelen på Engeset, og Helgehornet i Morkabygda. Fjella Viten, Vardehornet og Lidaviten har namna sine frå Haakon den gode si tid. Tingrøysa på Ekset talar og sitt tydelege språk. Og Konungs Skuggsjå (13. árh.)




Fyrde, Austefjord

Foto: J. Nerbvik

Fyrde i Austefjorden.



Frå Bjørkedalen.



Volda Lærarskule.

fortel om Bjørkedalsmyra på Bjørkedalen som dei gamle på Vestlandet trudde gjorde Stein til tre.

I tida etter reformasjonen stig nokre opplyste bondeætter med rotfest ættekjensle fram or millomaldermyrket. Bønder på Bjørkedalen skrev i desse hundreåra dagbøker og ættekronikar som fører at over til 13. hundretalet, og mange ættegreiner går attende til dei norske stormannsættene. Opplysningsnivået var so høgt, og ættesambandet so sterkt, at almenningen i det gamle Volda prestegjeld stod med sterke ryggrad mot danskeveldet. Her var grunnlag og grobotn for den seinare åndsvoksteren og til at Volda vart eit

Kultur- og skulesentrum.

Det byrja med den kjende sosialreformatoren og vitskapsmannen Hans Strøm, sokneprest i Volda 1764—78, som i skrift og tale til almenningen var ein aktiv og positiv lærar, ikkje berre i religiøse spørsmål, men i historie og naturhistoriske fag, i jordbruks- og helsestilling o. s. v. Han vart kjend i inn- og utland for verket sitt «Beskrivelse over Fogderiet Søndmøre», og han vart heidra med Dannebrogkorset og utnemnd til doctor og



Volda off. Landsgymnas.

titular professor i teologi. — Diktarpresten Claus Frimann var Strøms kappellan i Volda 1771—1780. (Dannebrogssriddar).

Ein av dei mange i prestegjeldet som kom under deira påverknad, og som meir enn andre førde opplysningsarbeidet vidare, var bondeguten Sivert Aarflot (1759—1817) frå Ørsta. Han vart lærar og seinare lensmann, og byrja tidleg å gjeva ut skrifter til fremjing av folkeopplysninga. Dei første skriftene sine fekk han prenta i Bergen og Kjøbenhavn, men då han som lensmann hadde flytt til Ekset i Volda, starta han, men kgl. løyve, i 1809 trykkeri på Ekset — det femte i Noreg, og det fyrste på bygdene i landet. Han gav bygdene folkebibliotek, heldt privat skule for ungdomen, og byrja straks å gjeva ut blad. Bladdrifta har halde fram og held framleis fram i ætta. Sivert Aarflots publikasjonar vart kjende over heile landet. Han vart heidra med to gullmedaljer og med

Dannebrog for folkeopplysningsarbeidet sitt. — Dotter hans var salmediktaren Berte Canutte Aarflat. Både sonen og sonesonen var stortingsmann.

Her låg latente krefter, som venta på utløsing til vidare åndsframvokster, og spire til nasjonal åndsreising. Og dette kom. Ivar Aasen, som har ættegreiner frå Bjørkedalen, stetta kunnskapstrongen sin på Ekset. Og det er lett å draga trådane fram til menn som redaktør Rasmus Steinsvik («Fedraheimen» og «Den 17de Mai»), stortingsmann Anders Vassbotn, prost Johannes A. Barstad og lærar Per Riste, menn som biskop Bernt Støylen, og diktaren Anders Hovden kan og takast med, for dei fekk sin åndsdåp i Volda. Og bispene Böckmann og Gleditsch var fødde i Volda. Fjella i Volda er noko av Ivar Aasens «Dei gamle fjell i syningom», både i bokstavleg og djupare tyding. Her dikta voldingen Anders Vassbotn «Aa liva det er å elska», og her fekk voldingen J. A. Barstad impulsen til «Eg ser deg Gud i kvar den blom som blømer» og til andre salmar. Og i dette same miljøet vaks skulane i Volda fram.

Dei høgre skulane.

Volda heradstyre vedtok i 1858 å byggje hus til ein høgare almennskule med lærarskule. 7. januar 1861 byrja «Voldens høiere Almueskole med annexeret Dannelsesanstalt for Almueskolelærere». Skulen gjekk ut 1880, og utdana i alt 260 lærarar. Den høgre almueskulen byrja att i 1883, som ungdoms- og millomskule, og gjekk 1886—92 berre som ungdomsskule, men siste 2 åra med fyrebuingeskurs til seminariet. 600 elevar søkte desse kursa som Henrik Kårstad styrde fram til 1. september 1895 då han og kand. real. Aage Stabell (som i 1891 byrja med ein privat millomskule i Volda), slo seg i lag og starta det private seminariet i Volda, med 20 elevar. Dei bygde hus til skulen som fekk eksamensrett i 1898. Kårstad overtok heilt skulen i 1908, bygde nytt skulehus, og kjøpte i 1916 23 mål jord og byrja 4 år etter å byggje den noverande Volda off. Lærarskule. Staten overtok skulen i 1924, med Kårstad som rektor.

Aage Stabell dreiv millomskulen sin og starta i 1907 med 2 års gymnas. Dei seinare rektorane Olav Riste og J. Fr. Voss kjøpte i 1910 skulen og byrja med 3 års gymnas attåt millomskulen — fyrste gymnaset på landsbygda. Riste overtok skulen og styrde han i 42 år, som privatskule med off. tilskot til staten for nokre år sidan overtok drifta, etter at Volda kommune hadde løyst inn skulen og gjeve han til staten. Skipnaden med millomskule har, etter gjeldande lov, falle bort. No er det Volda komm. Realskule.

Ein annan bondegut, Lars Løvoll, byrja i 1932 å driva ein privat handelsskule i Volda. Han byrja 1936 arbeide for handelsgymnas. Handelsdepartementet og Norges Handelshøiskole godkjende i 1938, med visse etterhald, eit 2-års handelsgymnas og 1 års fagkurs for studentar, m. a. med det vilkår at handelsgymnaset i Volda vart kommunalt. Kommuna gjekk med på det, og overtok drifta av gymnaset. Frå 1955 er handelsgymnaset 3-årig økonomisk gymnas, det einaste på landsbygda i Noreg.



Volda Handelsgymnas og Handelsskule.

Dei tri høgare skulane i Volda er tufta på nasjonal grunn, og har hatt svært mykje å seia for norsk kulturreising. Elevar frå alle landsluter sokjer skulane. Elevtalet i 1956—57 var:

Volda Lærarskule 220, Volda off. Landsgymnas 190, Volda komm. Realskule 100, Volda komm. Handelsgymnas og Handelsskule 106. Ialt 606 elevar.

Sidan starten har Volda Lærarskule eksaminert ut 3200 elevar, Volda Landsgymnas ca. 1700, Volda Millomskule og Volda komm. Realskule 2760, og Volda Handelsgymnas og Handelsskule 2460, i alt over 10 100 elevar, som kvar på sitt felt har gjort sitt arbeid i samfundet, mange i høge stillingar, sume ved Kongens rådsbord.

Kulturlivet elles.

Kulturlivet har gjeve seg mange andre utslag i Volda. Folk her er byrge av kyrkja si. Den gamle stavkyrkja vart riva i 1854, og den store trekirke som då vart bygd brann i 1929. Ingen ringare enn Arnstein Arneberg vart arkitekt for den nye steinkirken, og ingen ringare enn Hugo Lous Mohr vart meister for altartavla. Elles har bygda sine eigne kunstnarar gjort interiørarbeidet etter Arnebergs teikningar. Og i denne samanheng bør det nemnast at ein kunstsmed i Volda har laga noko av smijarnsgitteret i Oslo Rådhus, portaldøra i Akershus Slottskyrke, og 2 ljosekruner til Skaugum.

Men den mest kjende kunstnar Volda har fostra er bilet hoggaren J. Munthe Svendsen som har gjeve skulptursamlinga si til heimbygda.

Samfunnshuset i Volda er eit av dei vakraste i landet, og eit av dei mest moderne. Det har teatersal med 500 sitjeplassar, tidhøveleg bad, bibliotekrom o. s. v., og har frå offentleg side vorte kalla eit mynster for liknande tiltak andre stader i landet. Samfunnshuset kostar ca. 900 000 kr. Norske og utanlandske kunstnarar vitjar no ofte bygda.

Eit utslag i kulturlivet er song og musikk, og dette utslaget er verkeleg stort. Volda har fostra komponisten S. H.




Geitvik, son til komponisten Hans Geitvik. Og korsongen har gamle tradisjon. Volda Ungdomskor, som nærmar seg 100 års jubileet, og Volda Mannskor, er velkjende. Likeeins orkestret ved Volda Lærarskule, samansett av musikarar frå bygda og skulen. Det fyrste hornmusikk-korpset vart skipa fyre 1900, og her er no 4 musikk-korps, med Volda Hornmusikk og Volda Gutemusikk (den siste har 60 medlemer) som dei leidande.

Idrotten.

Voldingane var tidleg ute ogso på dette området. Det organiserte idrottsarbeidet byrja alt fyre 1900. Idrottsungdomen har eit vakkert Stadion og har ei romsleg hytte i skiterrenget på fjellet. 5 voldagutar har noregsmeisterskapstittel. — Det skal byggjast eit stort gymnastikkanlegg til dei høgre skulane og med symjehall til bruk for skulane og bygda.

Næringslivet.

Folket her livbergar seg nok likevel ikkje berre av åndskultur og skular. Her er eit allsidigt yrkesliv. Bygda har funne fram til ei døgnrytme i tilvære og framvokster som både presse og kringkasting ofte har kalla eit sersyn. Her er livgjevande kombinasjon av åndsidealisme og sterke sans for praktiske realitetar, — ånd og materie i samla framvokster. Ein kan med same rett kalla Volda eit industrisentrum eller ei jordbruksbygd som ein kallar bygda skulestad, for Volda har vore ei framstegsbygd ogso i det praktiske livet.



Festsalen i Samfunnshuset.

*Volda Turn- og
Idrettslag si
hytte
(Fjellheim).*



tiske realitetar, — ånd og materie i samla framvokster. Ein kan med same rett kalla Volda eit industrisentrum eller ei jordbruksbygd som ein kallar bygda skulestad, for Volda har vore ei framstegsbygd ogso i det praktiske livet.

Jordbruket

er frå gamalt hovudnæringsveg. Her er no ca. 450 bruk over 5 dekar på dei 40—50 vikingtidsgardane, jamnt over små bruk med 3—5 kyr, og no med attåtinntekt i andre yrke, — fiske, off. anleggsarbeid, fabrikkdrift o.s.v. Ca. 1600 menneske er fast knytte til jordbruket og steller med ca. 10 000 dekar dyrka jord og ca. 7000 dyr. Her er moderne meieri, og her er også Søre Sunnmøre Salslag med slakteri og ullsentral. 13 000 dekar innmark er framleis ikkje fulldyrka. Difor har Volda kommune realisert ein kommunal jorddyrkingsplan med ei årleg løyving på 11 000 kr., og med lånegaranti for opptil 5000 kr. pr. nydyrkar. Nydyrkinga vert gjennomført med ein moderne maskinpark.

Skogbruket.

Fureskogen stod i gamal tid tett og tjukk i Volda, ogso på mange stader der det i dag er skoglause heider og fjellparti.

Segna fortel at timberet til den gamle stavkyrkja i Volda vart hogt på Folkestadheiane, og køyrt over fjordisen til Halkjelsvik. Og skogen spela stor rolle i denne bygda, både til heimebruk og som salsprodukt. Volda hadde t. d. i 1613 13 sagbruk, og i dei tider var det livleg utførsle av rundtømmer og skurlast til Skottland, England, Holland, Tyskland, Danmark og Spania, og aller mest sjølvsgått til dei skogfatige bygdene på Mørækysten. I dag har Volda vel 10 000 dekar fureskog, forutan plantefelta for gran, og 16 000 dekar lauvskog. Dei aller fleste gardar er utan barskog. Men også i dette høvet har kommunen grepe inn. Etter den kommunale skogreisingsplanen fra 1952 skal 17 883 dekar tilplantast med gran og fure på 20 år, med 5,1 million tre. Årleg kommunetilskot 11 000 kroner.

Industri og handverk


livbergar ca. 1500 menneske. Her er 70—80 verksemder, nokre med 50—100 arbeidrarar. Volda har Noregs største fabrikk i sprøytelakkerte soveromsmøblar, stor moderne mek. verkstad (fiskebåtmotorar), støyperi som leverer halvfabrikata og maskinstøypegods til motor-, maskin- og verkstadindustrien, ein maskinfabrikk som er einaste norske produsent av gaffeltrucks. Her er dessutan andre verksemder, både i sentrum og på bygdene: møbelfabrikkar, ullspinneri, mylne, konfeksjonsfabrikkar, verksemder i karosseribransjen, garveri, båtbyggeri, saftfabrikkar, leiketøpfabrikkar o. s. v. Noko av produksjonen vert eksportert.

Fisket.

Fjorden er fiskerik, og fjordfisket har alltid spela ei stor rolle både for hushaldet og for sal. Her er år om anna rikt småsild- og brislingfiske som samlar fiskarar frå heile Vestlandet. Det er 10—12 notbruk i bygda. Men det er fisket på havet som har spela størst rolle. So seint som i slutten av fyrrre hundreåret dreiv 30—40 båtar frå Volda vinterfiske på Sunnmørskysten etter torsk og sild, og tidlegare var dubbelt så mange båtlag herfrå med på dette fisket. Kvar grend hadde



Volda hamn.



Kveldstemning.
Ut Voldsfjorden.

sin fiskebåt (otringar). I dag er det ikkje so mange båtar frå Volda som driv havfiske, men hundrevis voldingar er stadig med på slikt fiske, i alle farvatn, med båtar frå kyststroka. Det er storsildfiske og vårsildfiske, torskefiske på kysten, fiske på havbankane, ved Færøyane, Island, Bjørnøya, Grønland e.s.v. Voldingane var med i pionerarbeidet med selfangsten i Kvitesjøen, Vestisen og ved New Foundland, og mange driv framleis denne fangsten.

Båtbygginga

er eit yrke som har spesiell interesse både historisk og næringsmessig. Det har vore bygt båtar i Volda so langt attende



Frå Vikeneset.
Rotsethornet mot
natthimmelen.

i tida som soga rekk, småbåtar og større skip, i eldre tid langskip, og no alle slag småbåtar og motorbåtar opp til 70—80 fot. Det er bøndene på Bjørkedalen, i Kilsfjorden, Høydalen og Austefjorden som driv med båtbygging, men i eldre tid vart det bygt båtar og skip i andre bygder og, t. d. på Ekset og i Halkjelsvik. Det livde til for stutt tid sidan folk i Volda som personleg hadde bygt 500—600 færingar.

Sunnmørssotringen, den landskjende havfiskebåten, ein direkte etterkomar frå vikingskip og langskip, vart konstruert i Volda, og bygd her til nye båttypar kom i bruk i slutten av fyrra hundreåret. Men det var ein volding, Sivert Halkjelsvik, som konstruerte den nye fiskebåten i vårt distrikt, Møringsbåten. Båtbygginga har vore og er attåtnæringer for gardbrukarane, og bjørkedalingane, som bur 1—2 mil frå fjorden, transporterer ag transporterer den dag i dag båtane sine den lange vegen til sjøs, i eldre tid eit strævsamt arbeid.

I dansketida vart voldingar kalla til Kongens København

for å arbeida på crlogsverva, og vi veit at voldingane leverte båtar til Island i eldre tid, og i nyare tid har mange båtar herfrå vorte sende utanlands.

Forretningslivet.

Volda er sæte for 2 bankar, Volda og Ørsta Sparebank, skipa 1854, og Sunnmøre Kreditbank A/S (filial), og 70—80 kjøpmannsforretningar. Her er og det 90 år gamle og kjende Svendsen Hotell, og Ungdomsheimen.


Helsestellet.

Volda er fyregangsbygd på dette området. Sanitettslaget i bygda bygde tuberkuloseheim 1910, og folket her bygde 1937 Søre Sunnmøre Sjukehus, som no er overteke av fylket, og har både kirurgisk og indremedisinsk avdeling. Og diagnosestasjonen for Søre Sunnmøre ligg i Volda. Her er kommunal tuberkulosetrygd med årleg utgift på 12—15 000 kroner.

Sentralstad for administrasjon og trafikk-knutepunkt.

Volda har frå gammalt vore sentralstad for administrasjonen på Søre Sunnmøre. Her er sæte for sorenskrivaren i Søre Sunnmøre, som har eit rettsdistrikt på 12 herad, og Frostating lagmannsrett har rettsmøte her. Volda Telegrafstasjon femner om 10 herad, Volda Postkontor femner om 13 postopnneri og 5 brevhus. Her er distriktslækjar, distriktsdyrlækjar, apotek osv. — alt som hører til sentralstaden for eit stort distrikt.

Bygdebyen er knutepunkt for ein pulserande trafikk. Volda var fyregangsbygd ogso i samferdsla. Folk her skipa kring 1900 sitt eige dampskipsselskap som fyrst med ein, seinare med to båtar, trafikerte Søre Sunnmøre, indre og ytre distrikt. Seinare starta folk i Volda Volda—Folkestad Bilferje, eit selskap som i dag har største ferjetrafikken på Søre Sunnmøre: 3 ferjer fører no årleg 14—15 000 bilar. Volda har ca. 100 faste sjøverts samband pr. vike, og ca. 15 daglege rutebilsamband. Her er kystruter frå Oslo til Kirkenes. Kommuna har bygt



*På veg til
Rotsethornet.
Ein pust i
bakken med vak-
kert utsyn over
Volda.*

kai som kan ta mot båtar av dei aller største dimensjonar. Volda har dessutan innebygd hamn, og her ligg ofte båtar frå øyedistriktet i vinteropplag.

Den vestlandske Stamvegen går gjennom Volda.

Volda kommune


har eit budsjett på ca. 4 millionar kr. Bygda har havt eigne kraftverk heilt frå 1907, og alle huslydar i heradet har elektrisk kraft. Kommuna er medeigar i L/L Tussa Kraft, som no vert utbygd.

Ei vakker bygd.

Volda har ord for å vera ei vakker bygd med skiftande natur, ville strandsider med ur og fonifar, smilande dalføre som Bjørkedalen og Austefjorddalen, og opne bygder som kring bygdebyen og i Morkabygda. Fjella er opp til 1500 meter høge. — Og i denne skiftande natura er rik flora og fauna, — alle slag lauvtre og triveleg gran- og fureskog. Hjorten trivst i skogane, og her er gode lakseelvar.




Kvernhusidyll ved Aldalen.



Altarpartiet i Volda Kyrkje.

Foto: Kornberg og Nerbøvik.
Utgjevar: Volda Kommune.

Volda 1957
Aarflots Prenteverk.



Einkaskjalasafn Bjarna Benedikts Ólafsson © Borgarsyssel

16 m. l. Reidskapshus
med potet- og grønn-
sakkjellar. — 1928.

Skule-, Gymnastikk-
og Handarbeidsrom. 1905.

»Nr. 2«: 20—30 mindre
gutar, agronom og hjel-
pesfolk. — 1905.



Uthuset, 1906. Vinkelen 1928.
1940: 17 vaksne, 5 unge, +
kalvar, 2 hest, 13 svin.

Stabbur med fryserom
framfor kjøkenet. 1936.
Foto: 1938.

Fruk- ber- og blometre
»Nr. 1«: 25—35 større gu-
tar, styrarfolk hjelpesfolk

Soltun = Bergens Guttehjem, Garnes st.


Eg såg på 50 ulike stader i Bergen umland, fyrr Garnes i 1903 vart kjøpt. Sidan 1905 er Soltun (= Bergens Guttehjem) jordvidda dyrka av berre utmark: skitmyr og bergrabbar. Det var og er heim for heimlause gutter i alder (2 $\frac{1}{2}$)—5—10—15—16 (—17) år. I Bergen var det 2—30 gutter. På Garnes: 50—65 gutter. Sidan 1940: (30)—40.

Heimen er privat, sjølveigande. Uppehellen ved gåvor og ymse tilskot. Styret vert valt av årleg betalande medlemer. — Sal. 127,3 — 5. Mos. 15, 7—14, — Matt. 25, 25—46.


Trykt 1950.

*Gudform Undan
Einkaskjalasafn Bjarna Benediktssonar
Arna st.*


Einkaskjalasafn Bjarna Benediktssonar © Borgarskjalasafn Reykjavíkur



Don



Telephone Telegrams and Postal address: Grand Hotell Hellesylt



Cruising boat at Hellesylt

Hellesylt is one of the oldest tourist centres in Sunnmøre and is well known for its beautiful and picturesque situation at the imposing Hellesylt foss (waterfall) surrounded by high mountains. The famous author Henrik Ibsen stayed for some time at Hellesylt when writing his drama «Brand». Some of the scenes in the play, are taken from these wild parts.

Hellesylt is an excellent starting point for excursions, day trips as well as shorter excursions.



Hellesyltfoss

Day trips:

1. To Geirangerfjord and Geiranger by ferry.
2. Hellesylt—Stranda—Hellesylt.
 - a. Motorboat to Ljøen. Across Ljøfjell (mountain) to Stranda. Good road, partly available for motor car. About 5 hours.
 - b. From Hellesylt to Stranda through Moldskreddal (valley). Those who want an easy and varied walk, should take this route. It is a narrow and wild valley with outfarms.
3. Hellesylt—Holedal—Djupvasshytta—Geiranger. Motor car to Hole, through Holedal (valley) across Hestebreen (glacier), through Skjeringsdal to Djupvasshytta. 16 miles.
4. Hellesylt—Valldal—Åndalsnes—Hellesylt. A very interesting day trip by ferry and motor car.



From Norangdal

5. Hellesylt—Loen—Olden—Hellesylt. Day trip by motor car, 100 miles return.

Shorter excursions:

1. Through Sunnylvsbygd to Flofjell (mountain). Motor car Hellesylt—Vollset (8 miles). From Vollset to Flofjell $1\frac{1}{2}$ hours walk. Passing Dønefoss (waterfall) and the mountain Vollsetskåla 5623 feet above sea level, and Fedalsnibba. On Flofjell 2 good trout lakes. A cluster of outfarms.
2. Hellesylt—Moldskreddal. To a cluster of outfarms (Look at day trip 2 b.)
3. Hellesylt—Fivelstadhaug—Øye—Urke—Hellesylt. Motor car route 19 miles through Norangdal (valley). From Fivelstadhaug ascent to Kviteggen, one of the highest mountains of Sunnmøre. Norangdal is a narrow valley with beautiful quiet outfarms, steep



From Flofjell

mountains on both sides with profiles of Roald Amundsen and queen Victoria of England.

4. Hellesylt—Åkerne—Hellesylt. Åkerne is a mountain farm at Sunnylvsfjord. The houses are built beneath a crag. Avalanches often pass over the roofs of the houses. Motor boat 6 miles.

GRAND HOTELL, HELLESYLT

45 beds, cold and hot running water. Electric lighting and heating. Excellent kitchen. Beer and wine licence. Salmon and trout fishing. Good bathing shore and a bathinghouse.— Reasonable terms.



19/231 Norge — Hølesvill.

Einkeskjalasafn Þjóða Þjóðarritssafns | © Borgarskjalasafn Reykjavíkur

Eierett: Normanns Kunstforlag A.s - Oslo


Einkaskjalasafn Bjarna Benediktssonar © Borgarskjalasafn Reykjavíkur

Ytterst mot norden lyser en ö
klart gjennom isslag og tåke,
der ved en bjergild som aldri kan dö,
oldtidens billede r våke
derfra går sagnet vidt over sjö
som en måke.

Opp til det selsomme drog
först våre herlige fædre.
Med seg fra Norge de höysetet tok
for å oppreise det bedre.
Norröna mål de i ensomme krok
skulle hedre.

Medens det synkende Nordens makt
deltes og måtte forsage,
ble der på Island bevaret og lagt
livssæd for kommende dage.
Der nå et tegn på stammenes pakt
står tilbake.

A. Munch



BODØ DOMKIRKE

Einkaskjalasafn Bjarna Benediktssonar © Borgarskjalasafn Reykjavíkur

Historikk

Den 20. mai 1816 ble Bodø by. Det kan ha sin interesse å merke at det var en kirkens mann, biskop Matthias Bonsach Krogh, som gikk hardt inn for bysaken dengang.

Eget kirkesogn ble Bodø i 1897, men egen kirke fikk byen 6. januar 1888.

Bodø første kirkehus var en trekirke i ny-gotisk stil. Bodøfolk var glad i gamlekirka. Den vakre beliggenhet, det slanke kraftige tårn, hørte med til det umistelige i bybildet.


27. mai 1940 ble Bodø by lagt i aske av tyske bombefly. Av byens 760 hus strok 420 med. 3707 av byens innvånere ble i løpet av noen timer hus- og hjemløse.

En av de bygninger som strok med var byens kirke. Intet av kirkens inventar ble reddet, unntatt messekjær, døpefat og alter-sølv.

I 16 år var Bodø kirkeløs. Det store interim i menighetens historie er et kapitel for seg selv.

Allerede høsten 1940 ble den første kirkeforening dannet for å skaffe midler til å reise ny kirke. Den frivillige innsats fra Bodø-folk og utflyttede Bodøværingar har vært stor når det gjaldt frivillige gaver og innsats. Arkitektkonkurransen ble vunnet av Herman Munthe-Kaas og Gudolf Blakstad, og deres plan ble lagt til grunn for det videre arbeid med kirkesaken i Bodø.

Bygget er i det store og hele finansiert av Bodø kommune og koster slik det nå står 3 millioner kroner. Av dette beløp er ca. 350 000 gaver fra Kirkeforeninger, firmaer og enkeltpersoner. Ett uttrykk for interessen omkring kirkebygget er at tomta ble utgravd på dugnad sommeren 1951.



Plan av kirken i mål 1 : 500.

Bygningsbeskrivelse

GRUNNPLAN. Foran hovedinngangen i vestfronten er det en stor «kirkebakke». Det frittstående klokketårn med monument over krigens ofre er plassert her.

Gjennom bronseporten kommer en til våpenhus med dåps-sakristier og trapper til sanggalleri.

Kirkeskippet, 18 × 35 m, har 890 sitteplasser.

På sørsiden av koret ligger Olavskapellet, det har 40 plasser og brukes til dåp og vielser. Kapellet har åpninger mot 3 sider, mot kor, skip og menighetssal. Åpningen mot menighetssal lukkes ved foldedører. Olavskapellet gir en gunstig overgang og avstand mellom kor og menighetssal.

Menighetssal, 230 plasser, og konfirmantsal, 75 plasser, utgjør en floy mot sør og kan settes i forbindelse med Olavskapellet og kor. I alt kan ca. 1300 mennesker overvære en gudstjeneste.

Til salene hører vestibyle, garderobe og kjøkken.

Under koret er det krypt med plass til ca. 150.

